



Austevoll kommune

AUSTEVOLL KOMMUNE

Birkelandsvegen 2
5392 STOREBØ

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/425-6	Inger Cecilia Uglenes	25.06.2026

Melding om vedtak

Vedtak etter asbesttilsyn – Austevoll kommune

Miljørettet helsevern ved Helsevernenheten fører tilsyn med barnehagar og skular etter forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger (forskrifta), og med idrettsbygg etter forskrift om miljørettet helsevern. Forskriftene er heimla i folkehelselova. Vi fører tilsyn i Austevoll kommune etter interkommunal avtale.

I 2026 gjennomfører vi tilsyn med byggeigar sin kontroll med førekomst av asbest i kommunale bygg som vert nytta av barn og unge. Tilsynet er gjennomført som dokumenttilsyn, og omfattar barnehagar, skular og idrettsbygg.

Vi syner til brev med førehandsvarsel om vedtak etter asbesttilsyn i Austevoll kommune av 29.05.2026. Vi har ikkje motteken merknadar til førehandsvarselet innan fristen.

På denne bakgrunn gjer kommuneoverlegen følgjande vedtak:

Austevoll kommune må:

1. Dokumentere at det ikkje er asbest ved kommunale bygg som vert nytta av barn og unge gjennom asbestkartlegging
 - Kartlegginga må omfatte kommunale skular og idrettsbygg oppførte før 1986, som vert nytta av barn og unge.
 - Kartlegginga må vera utført av kvalifisert personell, helst ein asbestspesialist.
 - Kartlegginga må vise kva bygningar og bygningsdelar som er kartlagde.
 - Kartlegginga må inkludere ei risikovurdering av eventuelle asbestførekomster.
2. Dokumentere at tidlegare sanering av asbest er utført i tråd med regelverket.
3. Sikre internkontroll
 - dokumentere at det ligg føre eit internkontrollsystem som gir oversikt over asbestførekomstar, og som sikrar systematisk kontroll, oppfølging og nødvendige tiltak over tid.

Birkelandsvegen 2, 5392 STOREBØ | Besøksadresse: Helsehuset
Telefon: 55081000 | Org.nr.: | postmottak@austevoll.kommune.no |
www.austevoll.kommune.no

Heimel for vedtaket er folkehelselova §§ 11 og 14, og forskrifta §§ 6 og 18.

Frist for å dokumentere at pålegga er utført blir sett til **31.12.2026**. Dokumentasjonen skal sendast til Miljørettet helsevern via e-post mhv@bergen.kommune.no eller via Altinn org.nr 982610273. Kommuneoverlegen på kopi.

Rettsleg grunnlag

Det følgjer av forskrift om helse og miljø i skoler, barnehager og SFO (forskrifta) § 6 Inneklima at: «Inneklimaet, herunder temperatur, fuktighet, trekk, luftkvalitet, lukt, stråling og beskyttelse mot giftige eller helsefarlige stoffer, skal være helsemessig tilfredsstillende».

Det følgjer av forskrifta § 18 Internkontroll at: «Virksomheten skal ha internkontroll for å sikre at kravene i forskriften etterleves. Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold».

Idrettsbygg regulerast av forskrift om miljørettet helsevern. I § 10 står det at «virksomheter og eiendommer der allmennheten har adgang, eller som benyttes av mange mennesker, eller hvor mennesker oppholder seg over lengre perioder, skal i tillegg til bestemmelsene i § 7 til § 9 oppfylle følgende krav: a) Virksomheten skal ha tilfredsstillende inneklima».

Det følgjer av folkehelselova § 11. Helsekonsekvensutredning at «kommunen kan pålegge den som planlegger eller driver virksomhet, eller den ansvarlige for forhold ved en eiendom, for egen regning å utrede mulige helsemessige konsekvenser av tiltaket eller forholdet. Slik utredning kan bare kreves dersom ulempene ved å foreta utredningen står i rimelig forhold til de helsemessige hensyn som tilsier at forholdet utredes».

Det følgjer av folkehelselova § 14. Retting at «Kommunen kan pålegge forhold ved en eiendom eller virksomhet i kommunen rettet hvis forholdet direkte eller indirekte kan ha negativ innvirkning på helsen eller er i strid med bestemmelser gitt i medhold av [§ 7 a](#) eller dette kapittelet. Retting kan bare kreves dersom ulempene ved å foreta rettingen står i rimelig forhold til de helsemessige hensyn som tilsier at forholdet rettes».

Saksopplysningar

Den 13. februar 2026 bad vi om dokumentasjon knytt til kommunen sin kontroll med asbest. Svar vart motteke 23. februar 2026.

I svaret skriv Austevoll kommune at det per i dag ikkje er asbest i kommunale bygg som vert nytta av barn og unge, og viser til tidlegare saneringar der asbest er fjerna. Kommunen konkluderer på dette grunnlaget med at det ikkje er behov for vidare kartlegging eller oppfølging. Det er ikkje vedlagt kartleggingar eller anna dokumentasjon som stadfestar dette.

Den 29. mai 2026 førehandsvarsla vi vedtak om retting og helsekonsekvensutredning. Vi har ikkje mottatt tilbakemelding eller nye opplysningar som endrar vurderingane vi gjorde i førehandsvarselet innan fristen. Vurderinga er difor vidareført og attgjeven nedanfor.

Vår vurdering

Etter forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger § 6 skal inneklimaet vere helsemessig tilfredsstillande. I Helsedirektoratet sin rettleiar til forskrifta står det at dei moglege helsefarane ved eksponering for asbest kan vera alvorlege og denne type problematikk må derfor takast på alvor. I følgje Folkehelseinstituttet si norm for eksponering av asbest i inneluft skal asbestfibre i luft normalt ikkje førekomme i andre situasjonar enn ved sanering.

For å sikre at barn og unge ikkje vert eksponerte for frie asbestfibrar, må byggeigar ha tilstrekkeleg oversikt over om det finst asbest i bygga, og dette må vere kartlagt og risikovurdert på ein fagleg forsvarleg måte.

Slik vi vurderer det, er opplysningane frå Austevoll kommune ikkje tilstrekkelege til å dokumentere at det ikkje finst asbest i dei aktuelle bygga i dag. Kommunen har ikkje lagt fram kartleggingar, saneringsrapportar eller anna dokumentasjon som gir ei systematisk oversikt over om det finst asbest i bygningsmassen. Opplysningar om tidlegare saneringar utelukkar ikkje at det kan vere att asbest i andre delar av bygga, særleg i bygg der det ikkje er gjennomført fullstendig kartlegging.

Etter vår vurdering kan kommunen derfor ikkje sikre at inneklimaet er helsemessig tilfredsstillande, jf. forskrifta § 6. Dette utgjer eit avvik.

I følgje Arbeidstilsynet vil det vanlegvis vera naudsynt å leige inn spesialistkompetanse for å kartlegge mogleg asbest i bygg. Miljørettet helsevern er kjent med fleire sakar der nye kartleggingar utført av kvalifisert personell har funne asbest som tidlegare kartleggingar av bygget ikkje har avdekket. For å sikre påliteleg kartlegging og oppfylle kravet om at det ikkje skal vere frie asbestfibrar i inneluft, vurderer vi det som naudsynt at kartleggingane og risikovurderingane av eventuelle førekomstar vert utført av kvalifisert personell, fortrinnsvis med spesialkompetanse på asbest. Kompetansen til dei som utfører arbeidet må dokumenterast.

For å gi pålegg etter folkehelselova § 11 må ulempene ved tiltaket stå i rimeleg forhold til dei helsemessige omsyna. Asbesteksponering kan føre til alvorleg sjukdom, og risikoen for at det er asbest i bygg oppført før 1986 er stor. Utan systematisk kartlegging er det ikkje mogleg å ha tilstrekkeleg kontroll.

Kartlegging vil kunne medføre kostnader, særleg der det gjeld fleire bygg. Etter ei samla vurdering meiner vi likevel at omsynet til helse veg tyngre enn ulempene. Vi vurderer derfor tiltaket som forholdsmessig.

Der det er utført sanering treng vi dokumentasjon på at dette er utført. Firma som utfører sanering av asbest skal melde arbeidet til Arbeidstilsynet før oppstart og det er krav til dokumentasjon på etterkontroll og prøvetaking av fiberkonsentrasjon i luft etter utført arbeid. Vi legg derfor til grunn at dette er dokumentasjon kommunen allereie har eller lett kan oppdrive, og vi vurderer det derfor som forholdsmessig å krevje å få tilsendt dette.

For å gi kommunen høve til planlegging og budsjettmessig tilpassing, vurderer vi det som rimeleg å setje frist for gjennomføring til starten av neste budsjettår.

Sikre internkontroll

Det følgjer av forskrifta § 18 at kommunen skal ha internkontroll som sikrar at krav fastsett i regelverket blir etterlevde.

Ettersom vi ikkje har fått tilsendt dokumentasjon som viser tidlegare kartlegging eller dokumentasjon på sanering er vår oppfatning at Austevoll kommune manglar internkontroll på asbest i sine bygg. Utan slik dokumentasjon vil det vere usikkert om kommunen har naudsynt kontroll over asbestførekomstar i bygningsmassen, og om risiko for eksponering blir handtert på ein forsvarleg måte.

For å kunne påleggje retting etter folkehelselova § 14 må ulempene ved tiltaket stå i rimeleg forhold til dei helsemessige omsyna. For å kunne sikre at barn og unge ikkje vert eksponert for frie asbestfibre vurderer vi at det er naudsynt å ha eit fungerande internkontrollsystem som sikrar systematisk oversikt, kontroll og oppfølging av asbestførekomstar. Kravet om å dokumentere eit fungerande internkontrollsystem vil innebere eit visst administrativt arbeid for kommunen. Samstundes er dette arbeid som ligg innanfor det kommunen uansett er forplikta til etter gjeldande regelverk, jf. forskrifta § 18.

Etter ei samla vurdering meiner vi at dei helsemessige omsyna veg tyngre enn ulempene ved å dokumentere eit fungerande internkontrollsystem. Kravet blir derfor vurdert som forholdsmessig.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast på til Helsevernetaten i Bergen Kommune. Klagefristen er 3 veker frå den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp.

Klagen skal sendes skriftleg til Austevoll kommune. Angi vedtaket det klages over, den eller de endringar som ønskes, og de grunner du vil føre fram for klagen. Dersom du klager så seint at det kan være uklart for oss om du har klaga i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kommer frem.

Kommuneoverlegen

Inger Cecilia Uglenes

Leiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

AUSTEVOLL KOMMUNE SAMFUNNSUTVIKLING

BERGEN KOMMUNE HELSEVERNENHETEN